



Kampanje haldningsskapande arbeid

Satsingsområde: Kollektivtransport

Tiltaksområde: Kollektiv, Gange, Sykkel

Kommune: Øygarden kommune

Bydel: -

Byggherre/ansvarlig: Øygarden kommune



Målloppnåelse

Omtale og formål

Kommunen ønsker å gjennomføre ein haldnings- og informasjonskampanje hausten 2022 for å få fleire til å velje buss framfor privatbil. Bakgrunnen for kampanjen er ein stadig aukande trafikkmengde på riksveg 555 i regionsenter Straume der trafikkbelastninga medfører køproblematikk morgen og ettermiddag. Ei arbeidsgruppe med deltaking frå Fylket, Statens vegvesen og politiet, har konkludert med at det ikkje kan gjerast fysiske endringar på vegnettet før nytt Sotrasamband er etablert, og at ein reduksjon i trafikkbelastning må rettast inn mot haldningsskapande arbeid, samstundes som ein arbeider langsiktig med tiltak gjennom Miljøløftet og i samarbeid med Skyss kring rutetilbod.

I tillegg vil anleggsarbeida til Sotrasambandet truleg medverke til auka køutfordringar og det vil vera viktig å leggje tilrette for at fleire tar valg om å bruke kollektiv, sykkel og gange for å lette trafikkavviklinga og samstundes etablere endra reisevanar.

Øygarden kommune har tidlegare i koronaperioden gjennomført haldningskampanjar i tett samarbeid med Vest Næringsråd, som er ein paraplyorganisasjon for næringslivet i kommunen. Haldningskampanjen for auka bruk av buss, er tenkt gjennomført etter same modell, der og næringslivet medverkar med både personell og økonomisk. Det vil vera naturleg å knyte til seg Skyss/fylket som ein mogleg samarbeidspart.

Som ein del av haldningskampanjen vil kommunen og gjennomføre ei lokal reisevaneundersøking for betre å kunne målrette seinare tiltak. Kostnad ved denne reisevaneundersøkinga er inkludert i omsøkt beløp.

Primærkriterier

Kampanjen har som mål å endra vanar og at folk i større grad prøver ut buss, sykkel eller gange til arbeid, skule eller fritidsaktivitetar. Det vil vera viktig å peike på fordelar for den einskilde og for storsamfunnet. Målet må vera å få innarbeidd varige endringar som gjev auka konkurranseskraft for kollektiv, sykkel og gange.

Støttekriterier

Får ein fleire over på buss, sykkel og gange vil det medføre reduserte klimagassutslegg, køutfordringar og forureining/støy.



Prosjektets forhold til øvrig mål og planverk

Formålet med prosjektet vil vera forankra i overordna nullvekstmål.

Prosjektets forhold til øvrige fag/satsingsområder

Dersom ein oppnår auka andel som tar buss, går eller sykler, må ein og sjå på andre tiltak som kan legge tilrette for dette. Døme kan vera eit auka behov for innfartsparkering, sykkelparkering ved knutepunkt, kollektivfrekvens osv.



Disponibele midler

Et tallene inkludert mva?

Nei

Kostnadsvurdering

Kr. 200.000 eks mva. er tenkt å utgjere den kommunale andelen av haldningskampanjen. Det er liten risiko for overskridelsar av kostnadsestimat. Det vil bli arbeidd for at næringslivet og bidrar for å ha auka effekt av kampanjen.

Finansieringskilder

Stat post 66 Belønningsmidler avtalekommuner

Løyving 2022	2023	2024	2025	2026
200 000				